

## Skulemiljøutvalet referat, Hordabø skule 08.05.2014

*Desse møtte:*

*Mia Vågenes Solheim, elevrepr.*

*Benjamin G. Barstad, elevrepr.*

*Oliver Rikstad, elevrepr.*

*Gro Håland, FAU*

*Vidar Kvalheim, foreldrerepr. SFO*

*Elisabeth Sigaard, lærar*

*Ann-Kristin Kvalheim, assistent*

*Anne-Berit Bø Palmesen, Radøy kommune*

*Hanne-Mari Engen, rektor*

Rektor informerte om skulemiljøutvalet (SMU) sine oppgåver.

### **Utemiljø**

Tore Rikstad (leiar bygg) har vore på synfaring her i forhold til å setja opp ny kråkereir-disse på skuleplassen, og me har ein plan for korleis det skal gjerast. Teknisk har begynt å tømme singelen frå det aktuelle området. FAU har sett av midlar til dissa. FAU prøvar skipa til dugnad for å gjera grunnarbeid og setja opp stativet, i samarbeid med teknisk avdeling.

### **Trivsel på skulen**

Hausten 2013 hadde me ei elevundersøking i regi av Utdanningsdirektoratet, som gjekk på trivsel og læring. Publiseringa av resultatata av elevundersøkinga er nok ein gong utsett til seinare i mai.

### **17. mai**

Siste veka før 17. mai skal elevane rydda i nærområdet. FAU ber klassane konkurrera i 17. mai-toget om kva klasse som har laga det beste hurra-ropet. FAU skal premiera den klassen som lagar det beste hurra-ropet og lagar mest liv i toget.

Referent: Hanne-Mari Engen, rektor.